

Saksprotokoll i Hovedutval for næring - 25.11.2020

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette fram på vegner av A, Sp, SV, KrF, MDG, ogV forslag:

”Alternativ:

2. Administrasjonen blir bedt om å komme tilbake med ei eiga sak på tiltakspakke reiseliv og næring og utviklingsfond for utsette kommunar og område. Dette innan ramma for udisponerte midlar overskot 2019.

Administrasjonen får vidare fullmakt til å disponere rest midlar frå budsjett 2020 i tråd med intensjonane for tiltakspakke reiseliv og næring/utviklingsfond. ”

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag pkt. 1 og 3 vart samrøystes vedteke. Handegard sitt forslagvart samrøystes vedteke. mot fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag pkt. 2 .

Vedtak

1. Hovedutval næring ber administrasjonen arbeide vidare med ein tiltakspakke for reiseliv.
2. Administrasjonen blir bedt om å komme tilbake med ei eiga sak på tiltakspakke reiseliv og næring og utviklingsfond for utsette kommunar og område. Dette innan ramma for udisponerte midlar overskot 2019.
Administrasjonen får vidare fullmakt til å disponere rest midlar frå budsjett 2020 i tråd med intensjonane for tiltakspakke reiseliv og næring/utviklingsfond
3. Administrasjonen får i oppdrag å arbeide vidare med prosjektet Travel like the locals, innanfor ei ramme på kr 250 000 for 2021. Midlane vert dekkja med disponible midlar avsette til distrikts- og lokalsamfunnsutvikling på innovasjon og næring sitt budsjett for 2020.